

Den nasjonale forskningsetiske komiteen for naturvitenskap og teknologi
Kongens gate 14
0153 Oslo

Vår ref.: 2023/31

Dykkar ref.: 2023/62

Dato: 25.06.2023

Høyringsfråsegn om Forskingsetiske retningslinjer for naturvitenskap og teknologi

Bioteknologirådet visar til høyringsbrev og høyringsnotat om revidert utgåve av Forskingsetiske retningslinjer for naturvitenskap og teknologi, sendt frå Den nasjonale forskningsetiske komiteen for naturvitenskap og teknologi (NENT) 31. mars 2023 og med svarfrist 15. august same år.

Dette fråsegna er handsame på rådsmøte den 22. juni 2023.

Bioteknologirådet er ein høyringsinstans for både myndigheitene og befolkninga i saker som omhandlar gen- og bioteknologi. Primært gjeld dette saker under genteknologilova og bioteknologilova, irekna forslag til endringar i lov, forskrift mv., men rådet står òg fritt til å gje fråsegn etter eige tiltak. Bioteknologirådet driv ikkje med aktiv forskning, etisk vurdering av forskingsprosjekt eller annan forskingsrettleiing, og er heller ikkje lenger direkte involvert i forskingsprosjekt.

Bioteknologirådet sine innspel

Overordna meiner Bioteknologirådet at jamleg revisjon av forskningsetiske retningslinjer er bra og at den reviderte utgåva av Forskingsetiske retningslinjer for naturvitenskap og teknologi (heretter omtala som retningslinjene) gir ein viktig gjennomgang av dei overordna forskningsetiske normene.

Den utvida innleiinga er nyttig for å forklare og gje retningslinjene naudsynt kontekst.

Generelt er punkta fornuftige, rimelege og gir ei viktig innføring i forskningsetikk.

Bioteknologirådet ser at fleire av dei 22 punkta i retningslinjene er svært generelle og overordna. Til dømes lyder punkt 16: «Forskaren skal anerkjenne verdien av andre kunnskapsformer». I innleiinga står det at «... retningslinjene skal gi... kunnskap om anerkjente forskningsetiske normer» og vidare at «Retningslinjene er rådgivende og veiledende...» I så måte framstår dei meir som ein annan type overordna dokument, heller enn retningslinjer som tradisjonelt har eit smalare og meir operativt rettleiande innhald.

Om punkt 3, berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling kan ha fleire og ulike tydingar, noko som Bioteknologirådet nyss har drøfta i eit eige fråsegn (1). I retningslinjene visast det til Dei sameinte nasjonane sin agenda for berekraftig utvikling, men teksten nemner òg institusjonelle aspekt – er dette gjort med medvit? Og på same måte er biologisk mangfald, noko som dei aller fleste ser på som ein del av dei miljømessige aspekta av berekraft utvikling, òg skild ut. Er dette òg eit medvetent grep?

Om punkt 9, føre-var-prinsippet

Definisjonen, som er omsett frå UNESCO sin rapport frå 2005 (2), nyttar orda «... vitenskapelig sannsynleg, men usikker...». Lenger nede i avsnittet nyttast ordet plausibel i staden for vitsskapeleg sannsynleg. I den originale teksten står det «... scientifically plausible but uncertain...» (2 s.14). I dei gjeldande retningslinjene frå NENT, utgjeve i 2016 er definisjonen (utan referanse til UNESCO 2005 eller andre) «... vitenskapelig rimelig, men usikker...»

Både orda i seg sjølv, og den vekslande bruken av dei, opnar for ei uklar forståing av kva det eigentleg betyr. Må det til dømes vere overvegande sannsynleg, eller berre mogleg? I retningslinjer som skal gjelde for mange forskarar med mange ulike bakgrunnar er det ei styrke at terminologien er konsis og har ei tydeleg tyding.

Ny gen- og bioteknologi

I retningslinjene er open forskning, oppdragsforskning og kunstig intelligens framheva som tidsmessig aktuelle tema. Bioteknologirådet vil nytte høvet til å peike på den rivande utviklinga innan gen- og bioteknologi og behovet for etisk medvit og refleksjon også der. Nye teknologiar som genredigeringsmetoden Crispr kan brukast på både menneske, dyr, plantar og mikroorganismar og har potensiale til å gje store endringar i både fagfelta og i samfunnet.

Det er viktig at forskarar deltar i dei store offentlege samtalene om korleis slik ny teknologi skal takast i bruk og regulerast i samfunnet. Akkurat no er det ein stor og viktig diskusjonen rundt genredigering av plantar og dyr og korleis den norske reguleringa av genmodifiserte organismar skal vere. Her har Bioteknologirådet tidlegare diskutert fleire relevante aspekt, som etikkvurdering av genteknologiske organismar (3). Regulering og riktig bruk av ny teknologi er likevel ikkje berre ei oppgåve for offentlege råd og myndigheiter, forskarar har òg ei viktig rolle i dette. Avslutningsvis vil rådet difor understreke viktigheita av dei første punkta i retningslinjene, om forskinga si rolle i samfunnet.

Med vennleg helsing

Marianne Aasen
Leiar

Petter Frost
Direktør

Referansar

1. Bioteknologirådet. Bærekraftig utvikling, genteknologi og matsystemet. 2023 [Available from: <https://www.bioteknologiradet.no/filarkiv/2023/04/Bioteknologiradets-uttalelse-om-baerekraftig-utvikling-genteknologi-og-matsystemet-UU.pdf>].
2. UNESCO COMEST. The Precautionary Principle. 2005.
3. Bioteknologirådet. Bioteknologirådets erfaringer med foreslått rammeverk for vurderinger av etikk etter genteknologiloven. 2021 [Available from: <https://www.bioteknologiradet.no/filarkiv/2022/06/2022-06-27-Bioteknologiradets-erfaringer-med-foreslatt-rammeverk-for-vurderinger-av-etikk-etter-Genteknologiloven-UU.pdf>].